

Fra: Velaug Mo Veum [Velaug.Mo.Veum@sfj.no]
Til: Driftstenesta - arkiv [Driftstenesta-arkiv@sfj.no]
Kopi:
Sendt: 08.02.2016 15:21:12
Emne: VS: Rutetilbod til Alden i Askvoll kommune
Vedlegg:

Hei

Ber om at eposten nedanfor (stila til Hovudutval for samferdsle) vert lagt ved ESA-sak 15/8289 som ny journalpost.
Takk for hjelpa.

Med helsing
Velaug Mo Veum
fylkesdirektør for samferdsel
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
www.sfj.no | Velaug.Mo.Veum@sfj.no
sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 41530974

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Frida Melvær [<mailto:Frida.Melvaer@Askvoll.kommune.no>]
Sendt: 8. februar 2016 13:11
Til: Velaug Mo Veum; Noralv Distad; Øystein Hunvik; Helen Hjertaas; Arnstein Menes; Gunn Karin Sande; Harald Bjarthe Reite; Stein Faleide Malkenes; Sigurd Erlend Reksnes; Gunhild Alis Berge Stang
Kopi: Håkon Loftheim; Inger Johanne Breidvik
Emne: Rutetilbod til Alden i Askvoll kommune

Hovudutval for samferdsle.

Askvoll kommune er kjende med at utval for samferdsle skal handsame ei klagesak vedrørande rutetilbodet til Alden i utvalsmøtet 09.02.16.

Askvoll kommune har mottatt kopi av klaga som er sendt fylkeskommunen og har samstundes mottatt eit brev der dei to innbyggjarane i Alden spør om kommunen kan yte eit økonomisk bidrag for å oppretthalde rutetilbodet utover det fylkeskommunen no har sett til ein tur/retur per veke.
Askvoll kommune har forståing for dei økonomiske utfordringane fylkeskommunen står i, men ser også dei utfordringane eit slikt kutt utgjer for dei to fastbuande i Alden. Jofrid og Geir Alden utgjer to husstandar og det vil difor ikkje alltid vere enkelt å koordinere/samordne reiser for dei. Behovet vil vere ulikt, og eit minimum av mogelegheiter til å nå butikkar, offentlege tenester, sosiale arrangement og anna bør vi saman kunne imøtekomme.

Etter samtale med ein av dei fastbuande, Jofrid Alden, fortel ho at dei kan vere nøgde med eit redusert tilbod dersom dei kan få nokre tilleggstruter utover den eine dei no får per veke.

Askvoll formannskap diskuterte saka i møte 18.01.16. Vi konkluderte med at vi ønskjer å komme i dialog med fylkeskommunen om eit mogeleg spleiselag på nokre ekstraturar per år, td. inntil 20 ekstraturar.
Ordførar er kjend med at innsparinga for fylkeskommunen i denne saka vart langt høgre enn det som først vart lagt til grunn -kr 260 000 mot opprinneleg kr 150 000. I dette ligg eit handlingsrom som samferdsleutvalet og fylkeskommunen kan nytte. Dersom Askvoll kommune også går inn i eit spleiselag vil saka kunne få eit godt utfall for alle partar, og ei ordning som vil bli imøtesett svært positivt av dei to som bur i Alden.
Askvoll kommune må ta atterhald om eit positivt kommunestyrevedtak, men ber om at vi saman drøftar saka før endeleg vedtak blir gjort av Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Vi håpar at oppmodinga vert imøtesett.

Mvh
Frida Melvær
Ordfører -Askvoll kommune
Tlf: 95413213/57730702

Vi ber om

Sendt fra min iPad